

Toppen cafe og conditori
Lotevegen 21
6770 NORDFJORDEID

3. oktober 2016

EUS ved elevar i 9B

Toppen cafe og conditori satsar på ungdom

Toppen cafe og conditori ønskjer å satse på ungdom. Vi sel i dag pizzahorn som nokre ungdommar kjøper. Kva med andre tilbod for ungdom; wraps, kaker, bollar? Kva mat syns ungdommane sjølv at vi skal produsere? Kva må til for at Toppen cafe og conditori skal bli ein stad der ungdommar møtest og vil betale for matsserveringa?

Oppdrag frå Toppen cafe og conditori:

- Ei undersøking knytt til ungdommar sine kafevanar og ønskjer for ein kafe dei er interessert i å bruke.
- Priskalkyle på eit produkt som tilfredsstillar ungdommar sine ønskjer. De skal ha med utgifter ved kjøp av råvarer, faste og variable kostnader, forteneste og meirverdiavgift. Produktet bestemmer de sjølv.
- Forslag til korleis Toppen cafe og conditori skal marknadsføre seg overfor ungdom
- Andre forslag til kva Toppen cafe og conditori kan gjere for å treffe eit meir ungdommeleg publikum.

Vi håpar 9B vil løyse oppdraget, og presentere arbeidet og råda de vil gje oss i ein rapport. I tillegg ønskjer vi ein munnleg presentasjon som de framfører for meg og resten av klassen **fredag 28. oktober.**

Har de spørsmål til oppdraget ta kontakt på tlf 57 86 15 18.

Lukke til!

Helsing

Signatur